



Landbrukskontoret for Austrheim, Fedje og Radøy

Teknisk forvaltning

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/704 - 17/6170

Saksbehandlar:
Kjartan Nyhammer
Kjartan.Nyhammer@radoy.kommune.no

Dato:
10.05.2017

Uttale frå Landbrukskontoret

Syner til sak, knytta til bruksendring av driftsbygning på gbnr 66/1 Brattaule, oversendt for uttale.

Gbnr 66/1 er eit marginalt lite bruk med lite arealressursar knytta til tradisjonelt landbruk. Ifølgje gardskartet er det berre 6 dekar full- og overflatedyrka jord. Dvs jord som er eigna til slåttemark / hausting av vinterfôr. Det vil tilsvare vinterfôret til 6 sauer. Det er ikkje realistisk å forvente restart av sjølvstendig tradisjonelt landbruk på denne garden. I den grad det vert eige dyrehold på garden vert det utegangar sau eventuelt at innmarka vert leigd bort som beite til andre aktive sauebønder i området.

Dagens landbrukspolitikk oppmodar eigara av landbrukseigedomar til å tenke utradisjonell næringsutvikling på gardane og det er gunstige støtteordningar hjå Innovasjon Norge som stimulerer til dette.

På bakgrunn av dette ser landbrukskontoret positivt på at det vert gjeve løyve til ei bruksendring av driftsbygningen.

Med helsing

Kjartan Nyhammer
Landbrukssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Teknisk forvaltning